

el ok 61

Kultur- og kirkedep. KI	
Saksnr. 03/385	Dato. 01/2007
Kode. 540	Beh. KRS

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

Høringsuttale om nye tenesteordningar for kyrkjelydsprestar og prostar.

Tidsaspektet:

Før eg går inn på framlegga til tenesteordningar slik dei ligg føre, vil eg kommentere den korte tida fram til ordningane skal gjelde: 1. januar 2004. Dette verkar svært provoserande på prestane. I vårt prosti har det ikkje vore noko forsøk med nyorganisering av prestenesta, og dette gjeld mange prosti i landet. Vi har vore fjernt frå holdningsendringar som har skjedd i prosti med forsøk, og det har vore minimal info til prestane her om korleis forsøksordningane har fungert og kva dei har ført til av gode resultat og holdningsendringar i presteskapet. Derfor kjem det som eit sjokk på prestane at dei frå nyåret skal vere disponible for prosten til å gjere teneste utafør sitt eige prestegjeld. Det hadde vore ein fordel å utsette iverksettinga av tenesteordninga nokre månader, slik at vi hadde litt meir tid til motiveringsarbeid. Men for alle nyttilsettingar bør dei gjelde frå nyåret av.

Hovudsyn:

I hovudsak gir eg mi tilslutting til framlegget om nye tenesteordningar. Det er ein effektiv måte å få gjennomført fritidsordninga for prestar på. Men dette er også den sterkaste motiveringa for å innføre nyorganiseringa. Det bør både departementet og andre vere litt meir tydeleg på. Mi erfaring med fritidsordninga for prestar, er at det går greitt å praktisere dette med to vekefridagar i fleirprest- prestegjeld. Det er einprest-prestegjeld som er problemet. Viss ein hadde slått saman einprest- prestegjeld slik at det i alle prestegjeld var to eller fleire prestar, så ville fritidsordninga fungert. Særleg ved hjelp av prostiprestar i alle prosti + vikarprestar ved vakanse i stillingar.

Det må brukast tid for å innføre den nye måten å tenke på prostiet som tenestedistrikt, og ikkje berre prestegjeldet. Ein må bruke tid på å få snakke saman om at dette kan vere ein fordel for prestane. Vi får lære oss å arbeide i team, og ikkje vere einsame ulvar lenger. Vi kan få brukt spesielle ressursar i presteskapet i ein vidare samanheng. Og vi veit at det er ein vikar for oss i prostiet når vi tar ut fridagane våre.

Utviding av tenestedistriktet og utarbeiding av instruksar for prestane gir også fleire verktøy til å løse konflikhtar på. Det går an å flytte på ein prest, eller iallfall forandre på tenesteområdet hans.

Økonomi:

Prestane i prostiet mitt gir tydeleg uttrykk for ei oppfatning av at departementet vil innføre nye tenesteordningar for å spare pengar, og gjennomføre fritidsordninga på ein billeg måte. Det ligg ikkje nokon lovnad om friske pengar til å gjennomføre dei nye tenesteordningane. Det gjorde det i forsøka med nyorganisering av prestetenesta. Der vart alle kapellanane sokneprestar med sokneprests lønn. Korleis skal ein motivere prestar til å redusere innsatsen i eigen kyrkjelyd og bruke mykje tid til reising og arbeid i andre prestegjeld utan å få lønnskompensasjon?

Administrativ hjelp for prostane er nødvendig for å gjennomføre ny tenesteordning. Mange plassar er det heilt unaturleg at prosten blir fri frå kyrkjelydsprestansvar. Ved mange prostesete er prosten den einaste presten som bur i hovudsoknet, og derfor heilt naturleg får presteansvar i det soknet. Prosten må få økonomi til å leige administrativ hjelp, ellers blir prosten bunde opp i kontorarbeid.

Enkelte kommentarar til ny tenesteordning for prostar:

§1: Det er nødvendig at det blir eit styrka grunnlag for prostens stilling som leiar av prestetenesta i prostiet.

At prosten får del i biskopens embetsutøving krev ei ny holdning hos biskopane og bør få nedslag i tenesteordninga for biskopen.

§3: Etter Ny tenesteordning for kyrkjelydsprestar kan prosten beordre alle prestar til teneste i prostiet for å gjennomføre fritidsordninga (§11). Kan prosten beordre ein kapellan utan å gå gjennom soknepresten?

At prosten skal administrere ferieavviklinga til presteskapet lar seg ikkje gjere før administrative stillingar hos prosten er finansiert.

§ 5: Her bør det også stå noko om prostens ansvar for å fremme og støtte kyrkjelege fellestiltak i prostiet. Prosten bør også ha eit ansvar for å initiere tiltak for å utvikle åndelege fellesskapstiltak for alle kyrkjeleg tilsette i prostiet og for alle kyrkjelydane der. Det er ikkje noko lovpålagt rådsorgan på prostinivå, derfor er det berre prosten som kan samordne råd og embete på prostinivå, og samle sokneråda/ fellestråda i prostiet til felles tiltak.

Mot denne bakgrunnen er det også naturleg at prosten framleis har møterett utan stemmerett i alle Kyrkjelege fellestråda i prostiet – utan å ”bemyndiges” av biskopen i kvart enkelt tilfelle. Det er viktig at prosten skal få informasjon om arbeidsforholda for alle kyrkjeleg tilsette. Det er eit nært og tett samarbeid mellom prestar og fellestrådstilsette i samband med gudstenester og kyrkjelege handlingar og kyrkjelydsarbeid ellers. Det kan lett oppstå konflikter. Prosten har ein tilstrekkeleg avstand til stabane, og er samtidig fagleg kompetent til å kunne forebygge konflikter og gå inn i dei.

Spørsmålet om fast vikar for prosten er tatt ut av dei nye tenesteordningane. Dette må da bety at prost og biskop kan finne fram til ulike løysingar. Både prostiprest og andre sokneprestar i prostiet kan da vere aktuelle som vikarar for ein prost. Men det bør vere ein fast vikar – som er oppdatert og har lønnskompensasjon for dette.


Enkeltkommentarar til Tenesteordning for kyrkjelydsprestar:

Eg er positiv til at tenestedistriktet i prinsippet blir heile prostiet for alle prestar. Men prosten må sjølvsagt vere varsam med å misbruke retten til beordring slik at ein pressar prestane til å utføre meir teneste for same lønna. Men det er også nødvendig å halde fram dette at prestane må knytast til eit eller fleire sokn som barsis for soi presteteneste. For å bygge ein kyrkjelyd må presten ha eit nært forhold til den lokale kyrkjelyden.

§ 11 gir alle kyrkjelydsprestar rett til å utføre kyrkjelege handlingar i heile prostiet (som ønskes forrettet av dem". Eg er i tvil om dette bør stå. Det kan oppfattast som om alle i prostiet har fritt val av prest i heile prostiet, på same måten som pasientar har fritt sjukehusval. Det ligg ein fare for mange konflikter her. Det er klart at prosten kan sette ein prest trill å utføre kyrkjelege handlingar i eit naboprestegjeld, men at ein brudgom kan velje fritt mellom prestane i prostiet som vigselfest må det vere unødvendig å legge opp til.

28. november 2003

7320 Fannrem



Birger Foseide

Prost i Orkdal prosti, Nidaros bispedømme.